

Reglement for administrasjonsutvalet som partssamansett utval og for arbeidsgjevarpolitisk utval

VEDTATT 15.06.2021

INGEBORG SKJØLINGSTAD

Reglement for administrasjonsutvalet som partssamansett utval og for arbeidsgjevarpolitisk utval

Reglementet inneheld regler om val, sammensetning og administrasjonsutvalet sine arbeidsområder. Hjemmel er fastsatt i kommunelov av 22.6.2018 nr. 83, § 5-11

Vedtatt i kommunestyret 15.juni 2021

Innhold

Reglement for administrasjonsutvalet som partssamansett utval og for arbeidsgjevarpolitisk utval ...	1
Val og samansetnad	3
Arbeids- og ansvarsområde.....	3
Administrasjonsutvalet.....	3
Arbeidsgjevarpolitisk utval	4

Val og samansetnad

Administrasjonsutvalet i Bokn består av 7 medlemmer med varamedlemmer. Det er 5 medlemmer frå formannskapet som er valt av kommunestyret for den kommunale valperioden og 2 representantar valt av arbeidstakarorganisasjonane. Valet skjer som forholdstalsval om eitt medlem krev det, eller som avtaleval.

Arbeidstakarorganisasjonens medlemmer og varamedlemmer vert valt i henhold til Hovedavtalen. Dei tilsette sine representantar velgjes av og blant de tilsette for to år av gangen, KommuneLOVEN §5-11 2. ledd. For dei tilsette sine representantar gjelder valbarhetsreglane i KommuneLOVEN §§ 7-2 og 7-3, bortsett frå bostadskravet.

Ordførar er leiar og varaordførar nestleiar i utvalet.

Arbeids- og ansvarsområde

Administrasjonsutvalet er oppretta etter [KommuneLOVEN § 5-11](#). Det er kommunens sitt fagorgan og partsamansatte utval i personal- og organisasjonssaker. Utvalet behandlar saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette.

Utvalet har eit hovudansvar for å ta initiativ innan dette arbeidsområdet.

Dei tilsette sine representantar er medlemmer av administrasjonsutvalet med dei same rettigheter og plikter som dei folkevalde medlemmene.

Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet – APU- dannar samen med representantar for arbeidstakarorganisasjonane i kommunen eit partssamansett utval i saker som gjeld forholdet mellom dei tilsette og kommunen som arbeidsgjevar jf. kommuneLOVEN § 5-11 og hovudavtalen del B. Dette partssamansette utvalet har følgjande mynde:

- Vedta arbeidsreglement og andre reglement vedkommande arbeidsforhold, herunder retningslinjer for kommunen sin personalpolitikk, tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv.
- Vedta overordna rammer for, og strategiske planar for, kompetanseheevande tiltak
- Saker innafor ansvarsområdet som vedrører samarbeid med nabokommune og fylkeskommune

- Tilsetting av rådmann

Utvalet drøftar dessutan kvalitets-, fornyings- og utviklingstiltak og oppfølging og implementering av nasjonalt vedtatte reformar.

Arbeidsgjevarpolitisk utval

Administrasjonsutvalet med kun folkevalde medlemmer (også kalt **arbeidsgjevarpolitisk utval, APU**) har følgjande mynde:

- Vedtek om forslag til sentrale tariff- og hovudavtalar skal godkjennast og fastlegg overordna strategi og retningslinjer for lønsfastsetting
- behandlar og vedtar kommunen sine innspel til KS i forbindelse med årlege tariffoppgjer
- behandlar og vedtar kommunen sin arbeidsgjevarstrategi
- kan vedta å opprette eigne underutval. Slike underutval skal veljast av og blant medlemmane i administrasjonsutvalet (APU).